

Strategiplan for Midtvegen 615 2019-2023
Vedteken på generalforsamlinga 23.04.2019

Frå «Noregs nest verste veg» til beste sambindingsveg mellom Nordfjord og Sunnfjord



Foto: Jorid Lothe



Strategiplan for Midtvegen 615 2019-2023

Vedteken på generalforsamlinga 23.04.2019

Overordna visjon og hovudmål:

Fylkesveg 615 ligg midt i mellom dei tre mest folkerike områda i fylket; midtre Nordfjord, ytre Sunnfjord og midtre Sunnfjord, og vegselskapet Midtvegen 615 har ein visjon om ein ny og opprusta veg som vil knyte saman desse tre områda i fylket.

Midtvegen 615 skal primært vere ein samanbindingsveg mellom Nordfjord og Sunnfjord, og bidra til å skape eit større bu- og arbeidsområde, effektivisere transport og samferdsle og gi god tilknytning mellom næringane i desse regionane.

Midtvegen 615 har også eit kortsiktig mål om å få på plass utbetringar som sikrar reisande ein trygg og rasfri reiseveg, tilpassa større køyretøy og vere ein reell omkøyringsveg for E39.

Strategiplan for Midtvegen 615 2019-2023

Vedteken på generalforsamlinga 23.04.2019

Mål for perioden 2019-2023

- *Kortsiktige sikringstiltak i Hopsstranda*
- *Få oppheva nedklassifiseringa av vegen*
- *Utgjeie kostnader og potensiale for brukarfinansiering*
- *Arbeide for bompakke Vestland nord*
- *Kommunedelplan Hyen- rv.5/Storebru (saman med Kinn, Gloppen og Vestland fylkeskommune)*
- *Reguleringsplan flaskehals Sande*
- *Oppstart gang- og sykkelveg Sandane - Fitje*

Strategiplan for Midtvegen 615 2019-2023

Vedteken på generalforsamlinga 23.04.2019

Prioriteringliste strakstiltak

1. Kortsiktige sikringstiltak i Hopsstranda. F.eks rensk, sikringsnett eller anna sikringstiltak.(tunnel er einaste alternativ som permanent løysing)
2. Etablere nok møteplassar og utvide/kutte nok svingar til å fjerne nedklassifiseringa for tunge køyretøy mellom Sagefossen og Hyen.

Prioriteringliste planarbeid

1. Utgreie kostnad og potensialet for brukarfinansiering trafikkanalyse trase alt. 4 og 5 (jfr. trafikkanalyse pr. 04-2017)
2. Forhandle med Nordfjordbrua Anda-Lote og 45 min. regionen/Kystvegen om bomvegpakke Vestland nord jfr. våre vedtekter 2. ledd og evt. bli samde om ein variant av trafikkanalyse trase alt. 4.
3. Kommunedelplan Hyen – rv.5/Storebru saman med Kinn, Gloppen og Vestland fylkeskommune. Ta opp att initiativet til spleiselag som vi prøvde på i 2014.
4. Innspel kommuneplan (sykkelveg Hope-Holme)
5. Reguleringsplan for flaskehals på Sande (10 km frå Sandane)
6. Reguleringsplan 1. deletappe Hyen – rv.5/Storebru med oppstart frå Hyen.
7. Reguleringsplan 2. deletappe osv.

Strategiplan for Midtvegen 615 2019-2023

Vedteken på generalforsamlinga 23.04.2019

Prioriteringliste skredsikring

1. Hopsstranda (forskottering?)
2. Forlenging av Gjølsvora
3. Kleppenes

Prioriteringliste opprusta/ny veg

1. Stegvis vegbygging frå Hyen mot rv.5/Storebru ihht. kommunedelplan/reguleringsplan.
2. Utviding/ny veg på Sande
3. Utviding veg Hyen - Sandane

Prioriteringliste gang- og sykkelveg

1. Sandane – Fitje
2. Hope – Holme
3. Fitje - Sande

Strategiplan for Midtvegen 615 2019-2023
Vedteken på generalforsamlinga 23.04.2019

Vedlikehaldstiltak

Midtvegen 615 skal i hovudsak arbeide for opprusting/ny fylkesveg 615, men kan ved behov stille seg bak og vere pådrivar for viktige vedlikehaldstiltak langs fylkesveg 615. Dette vil bli handsama som enkeltsaker i styret.

Revisjon av strategiplan

Det er naturleg at styret og evt. generalforsamlinga vurderer ny revisjon av strategiplanen i etterkant av neste regionale transportplan (RTP).